

Julehistorier i kyrkja

Det blir litle julaftan-konsert i arbeidskyrkja på Eigerøy i år òg.

Som vanleg blir det musikalske innslag med lokale krefter. I tillegg kjem Anne Elisebeth Skogen for å fortelja om koss jula arta seg på slutten av 50-talet og starten på 60-talet, då ho var jentunge.

– Eg skal snakka litt om kor mykje me ungar skjøna, når dei vaksne trudde med ikkje skjøna noko som helst, røper ho.

LANDSLAGET: Anne Elisebeth Skogen er profesjonell forteljar og jobbar som frilansar. Ho driv sitt eige firma, Forteljarkokeriet. I haust var ho ein av tre som representerte Norge i ein forteljarkonkurranse i Stockholm. Då hadde ho først hevda seg i ein konkurranse på Sting i Stavanger, og deretter i noregsmeisterskapen i Oslo.

– Det var ein veldig uhøgtideleg konkurranse, ler ho.

Ho er oppvaksen i Eigersund, men har budd fleire stader etter at ho var ferdig med gymnaset. Nå bur ho på Sand. Då ho oppdaga forteljarfaget for ein del år sidan, fann ho seg sjølv.


– Eg er oppvaksen med forteljingar. Eg hadde ein far som var veldig flink til å fortelja, seier ho.

TRADISJONELT: Dei som skal bidra med song og spel, er stort sett gamle kjeningar. Men Rune Vidar Fjelde har med seg dottera Beate i år. Ho bur i Oslo.

Inga Merethe Fjerdingsstad skal òg vera med. Ho blir akkompagnert av Erlend Stoveland. Gunnar Tønnesen leier husorkesteret, som skal losa publikum gjennom dei kjende julesongane.

Den tradisjonsrike konserten lite julaftan er populær, og det har vore vanleg med to konsertar etter kvarandre. I år blir det bare ein konsert.

Tekst: MERETE HORPESTAD



FORTELJAR: Anne Elisebeth Skogen fortel og held kurs i forteljarfaget. Litle julaftan skal ho vera i arbeidskyrkja på Eigerøy. Arkivfoto: Johan Aakre